



Kultur og likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

INNSPEL FRÅ NOREGS UNGDOMSLAG TIL HANDLINGSPLAN FOR DELTAKING I KULTUR-, IDRETTS- OG FRILUFTSLIVSAKTIVITAR

Noregs Ungdomslag (NU) viser til invitasjon om å kome med innspel til handlingsplan for deltaking i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter, samt ulike formar for involvering av aktørfeltet.

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon med føremål om å skape engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar. Organisasjonen vart stifta i 1896, og vi har i dag om lag 13 500 medlemmar og vel 310 lokallag rundt om i heile landet.

Vi har eit ansvar for å ta vare på og stadig aktualisere den tradisjonelle folkekulturen. Dette gjer vi for å styrke lokalsamfunna over heile landet. Medlemmene våre får høve til å utøve både tradisjonelle og nye kulturuttrykk, samtidig som dei lærer å organisere aktivitetane. Med det styrker vi òg samfunnet og demokratiet.

Kva er det viktigaste din organisasjon/institusjon kan gjere for å inkludere enda fleire barn og ungdom i kultur-, idrett- og/eller friluftslivsaktiviteter?

Gjennom Huset i Bygda (HiB) har NU tatt eit nasjonalt ansvar for å løfte dei organisasjonseigde kulturhusa som viktige kulturarenaer for kunst- og kulturproduksjonar over heile landet og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar. Mellom anna tilbyr vi kurs og rettleiing til organisasjonseigde kulturhus og vi arrangerer hussamlingar og kulturhuskonferansar. Målsettinga er å skape framtidsetta bygg og at kvart enkelt kulturbygg skal bli synlegare og sterkare og få endå høgare status.

Sosialt berekraftige samfunn handlar om samfunn prega av tillit, trygghet, tilhøyrslø og tilgang til goder som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planprosessar kan kommunar og andre offentlege styresmakter legge til rette for en sosialt berekraftig samfunnsutvikling som i større grad inkluderer born og ungdom. Ikkje minst er det viktig at styresmaktene legg til rette for at born og ungdom kan påverke forhold i nærmiljøa og elles i sine kommunar.

Eit av hovudprinsippa i FN sine berekraftsmål er at ingen skal bli utelatne (*Leaving no one behind*). Vi er opptatt av at dei mest sårbare menneska må bli prioritert.





Kartlegging i regi av HiB viser det er over 5 000 organisasjonseigde kulturhus i Noreg. Dei aller fleste av desse husa er eigd av lag og organisasjonar utan tilsette, der drifta er tufta på omfattande dugnadsinnsats.

Målsettinga må vere brei deltaking og lik tilgang på kunst og kulturaktivitetar i heile landet. Det fordrar at dei organisasjonseigde kulturhusa får tilgang på tilskotsmidlar, kompetanse og rettleiing slik at dei kan opne husa og gjere dei tilgjengeleg for alle brukargrupper i samfunnet.

For å oppnå dette er det viktig at Huset i Bygda vert styrka slik at prosjektet kan utvidast som eit kunnskaps- og ressurscenter for organisasjonseigde kulturbygg i heile landet.

Her er vi mellom anna spesielt opptatt av det må vere eit mangfald av ulike arenaer, tilpassa ulike behov og samfunnsgrupper. Ikkje minst gjeld dette born og ungdom. Dei mindre organisasjonseigde kulturbygga – grendehus, ungdomshus og samfunnshus – er like viktige kulturarenaer som dei store kulturhusa for å kunne ha breidde i tilboda både til dei som er deltakarar og publikum. Ikkje minst gjeld dette barn og ungdom og andre utsette grupper i samfunnet.

I dag vert det ikkje gitt momskompensasjon for kostnader til nybygg, påbygg eller ombygging, som ofte er nødvendig for å få til universell utforming. Det er difor naudsynt å få på plass momskompensasjon på tiltak som gjeld universell utforming.

Kven treng de å samarbeide med for å inkludere enda fleire barn og ungdom innen kultur-, idrett- og eller friluftslivsaktiviteter? Og kva skal til for at dere finn saman?

Som ressurscenter for organisasjonseigde kulturhus er HiB særleg opptatt av å medverke til utvikling av kunnskap, tydelegare statlege føringar og utarbeide rettleiingsverktøy (gode løysingar) for kulturhuseigarar. Døme på dette er at vi har satt i gang arbeid med å utvikle stønads- og rettleiingsverktøy for universell utforming og gode ENØK tiltak.

I vårt arbeid inviterer vi inn eller samarbeider med organisasjonar som Blindeforbundet, handikappforbundet og organisasjonen Fri – foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold for å setje søkelys på korleis ein skal få lik tilgang til kulturhus over heile landet.

Huset i Bygda samarbeider òg i prosjekt/utviklingsarbeid og kartleggingsarbeid med andre aktørar som Kulturrom, Frivillighet Norge og Kulturalliansen.

Skal vi klare å utvikle dei lokale kulturhusa, er det viktig at det offentlege støtter opp under tiltak som HiB, der ein samlar kompetansen til ulike interesse- og brukarorganisasjonar.

Kva treng din organisasjon/institusjon for å inkludere enda fleire barn og ungdom i kultur-, idrett- og/eller friluftslivsaktiviteter?





Vi er oppatt av at FN sine berekraftsmål fungerer som rettesnor i arbeidet med å inkludere born og unge i kultur, idretts- og friluftaktivitetar.

Dette gjeld m.a. oppfølging av Meld. St. 40 (2020-2021). Her er vi opptatt av punkta om låginntektsfamiliar og styrking av omsynet til sosial berekraft og fysisk aktivitet i samfunns- og arealplanlegging.

Kulturbygga er viktig brikke i dette arbeidet. Samstundes ser vi at mens kommunane generelt har høg kompetanse på korleis dei skal rettleie og hjelpe idretten med t.d. søknadar knytt til idrettsanlegg, er den tilsvarande dårleg på organisasjonseigde kulturhus. Her er det viktig at det vert gitt føringar eller tilskot til utarbeiding av t.d. kommunedelplanar, der det mangfaldige kulturlivet vert likestilt med idretten.

Formål med kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet er å lage et politisk og administrativt styringsverktøy i perioden. Slike planar dannar eit grunnlag for en behovsstyrt og realistisk utvikling og prioritering av idretts- nærmiljø- og friluftsanlegg i kommunen. Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til ein fornuftig tilrettelegging og organisering av de ulike aktivitetane. For å oppnå dette vert det stadig viktigare å utvikle gode planer som politiske styringsreiskapar for utvikling innanfor kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Styrking av kulturlova og plan og bygningslova der organisasjonseigde kulturhus vert sidestilt med idrettsanlegg vil vere eit viktig skritt i riktig retning for å auke statusen til desse husa. Her er det viktig at departementet tek initiativ til å utvikle rettleiarar av den typen vi har for idrettsanlegg, og at dette skjer i nært samråd med kulturfrivilligheita.¹

¹ Som t.d. [Kommunal planegging for idrett og fysisk aktivitet \(revidert utgåve 2014\)](#)